

Nyhetsbrev

Nr. 1 – 2025 Februar

Jæren
Rekneskapslag
– økonomi og utvikling i jærsk ånd

FORSIKRING FOR 100% SJUKEPENGER FRÅ DAG 17.

Sjølvstendig næringsdrivande som mottek sjukepenger frå NAV vil i utgangspunktet berre få 80% av inntektsgrunnlaget utbetalt som sjukepenger. Inntektsgrunnlaget er gjennomsnittet av personinntekta dei siste 3 åra før ein vart sjuk og maks 6G (kr 744 168).

Mange sjølvstendig næringsdrivande vel å kjøpa ei tilleggsforsikring hjå NAV som gjer utbetaling på 100% av inntektsgrunnlaget frå dag 17. Pris på denne forsikringa er 1,3 % av premiegrunnlaget, maks 6G som då vert kr 9674,-. Ikkje alle treng denne forsikringa.

Vert du rekna som jordbruksmedlem har du rett til 100% sjukepenger frå dag 17. og det å betala tilleggsforsikring vil vera pengar rett ut av vinduet. For å verta rekna som jordbruksmedlem må du ha minimum kr 8000,- i næringsinntekt i jordbruket, og minimum 20% av nettoinntekta må koma frå jord og skogbruk dersom du driv anna næring i tillegg til jordbruk.

HUGS Å SØKA OM DELUTBETALING FRÅ INNOVASJON NORGE

Det er pengar å spara på å søka om delutbetaling frå Innovasjon Norge. For tilskot større enn kr 100 000,- kan det foretas inntil 2 delutbetalinger med inntil 90% av tilskotet når det kan dokumenterast at minst ein tilsvarande del av kostnadane i kostnadsgrunnlaget er påløpt.

Byggelåna har rente frå 7% og oppover, og då er det kostbart å ha pengar ståande hjå Innovasjon Norge som ein kunne ha brukt til nedbetaling på byggelånet.

For eit byggeprosjekt med kostnadsramme på kr 15 000 000 og kr 5 000 000,- i tilskot blir reknestykket slik. Halvparten av kostnadane, kr 7 500 000,- er betalt, då kan ein søka om å få utbetalt kr 2 500 000,- av tilskotet frå Innovasjon Norge. Ved å få utbetalt så mykje av tilskotet halvvegs i byggeprosessen utgjer det

kr 485,- i sparte renteutgifter, som igjen tilsvarer ei rente på kr 14 500,- pr mnd.

Delutbetalinger frå Innovasjon Norge tek ca 1 veke medan det tek ca 5 veker når ein søker om sluttutbetaling. Innovasjon Norges digitale løysing for delutbetaling er enkel å bruka.

SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKUDD – DEL 1 AV SØKNADEN

Med søknadsfrist 15. mars og gjelder for husdyrprodusenter. I forbindelse med denne fristen er det viktig å være klar over følgende:

- Søknaden åpnes 1. mars (telldato) og kan senest sendes inn 15. mars.
- Søknader som leveres etter 15. mars får trekk på 1000 kroner dagen frem til søknaden leveres.
- Hvis du har sendt inn søknaden innen 15. mars kan du endre søknaden t.o.m. 29. mars.
- Gir du feil opplysninger i søknaden vil tilskuddet avkortes med kr 1000 pr dag fristen er overskredet.

Anbefaler å være ute i god tid, altså å sende inn søknaden så fort som mulig etter 1. mars. Dette gir større mulighet til retting av opplysninger og kommunen får større mulighet til å fange opp åpenbare feil.



D-NUMMER VERT DEAKTIVERT ETTER 5 ÅR

D-nummeret til utanlandske arbeidstakere vert automatisk deaktivert etter 5 år. Deaktiveringa starta i januar 2023. Etter deaktivering får ikkje arbeidstaker nytt skattekort. For få aktivert D-nummeret vert det kravd ny ID-kontroll hos skatteetaten.

Det er viktig å ha kontroll på at sesongarbeidarane som kjem tilbake år etter år har aktivt D-nummer. Bestill gjerne time på skattekontoret til ny ID-kontroll i god tid slik at ny ID-kontroll kan utførast kort tid etter ankomst til landet. Skattekortet kan då vera på plass til neste lønning og den ansatte slepp 50% skattetrekk- eller må venta ein månad på lønnsutbetaling.

PERSONALNYTT



Martin Håland

6. januar starta Martin hos oss, og han skal jobbe som regnskapsfører med ansvar for egne kunder. Martin har vokst opp på gard i Klepp, og er utdanna innen økonomi og administrasjon. Vi ønsker Martin velkommen til oss 😊

FRIST 2 MND. MVA

Termin	Frist levering bilag til oss
1	15. mars
2	15. mai
3	05. august



TRIPLETEX OG ÅRSOPPGJØR

Året 2024 blir første gang vi tar årsoppgjøret i Tripletex for våre landbrukskunder. I en overgang tar det litt tid å få alt på plass. Dette året blir det derfor dessverre ikke mulig å utføre nøkkeltallanalyser. Det blir jobbet med å få dette på plass til neste år.

KUNDESAMTALENE

Det nærmer seg nå tid for de årlige kundesamtalene knyttet til utarbeidelse av skattemelding og annen pålagt dokumentasjon til skattemyndighetene.

Vi ser på kundesamtalen i årsoppgjøret som en svært viktig del av tjenestetilbudet vårt. Under kundesamtalen vurderer vi sammen med kundene optimal tilpassing av inntekt opp mot trygderetter på ene sida og skatt på andre sida. Samtidig er kundesamtalen et viktig møte der en også kan ta opp andre spørsmål som en måtte ha knyttet til regnskap og økonomi.

Etter vår meining får en best utbytte av samtaLEN dersom begge ektefeller/samboere møter. Selv om det kanskje bare er den ene som driver næringsvirksomheten vil de ulike spørsmåla som blir tatt opp ofte være av betydning for begge parter.